



SAMAN MOT MODERNE SLAVERI

Dette heftet er laga til Global veke mot moderne slaveri. Global veke er ei fellessatsing som kyrkjene i Noreg er med på for å prøve å få slutt på vår tids former for slaveri. Noregs Kristne Råd koordinerer dette samarbeidet.

Mottoet for berekraftsmåla er «Ingen skal utelatast». Skal vi nå måla her i Noreg og i verda, må vi få slutt på alle former for grov utnytting som tvangsarbeid (mål 8.7), tvangsekteskap og tvungen prostitusjon (mål 5) og barnearbeid (mål 16.2).

Vi trur på retten alle menneske har til å sleppe utnytting og undertrykking. Vår tids former for slaveri bryt med menneskerettane og stengjer menneske ute frå samfunnsgoda og frå eit verdig og fritt liv. Med å samarbeide kan – og må – vi få ein slutt på utnyttinga.

Bli med i arbeidet, du òg!
Sjå tips på s. 14-18.

Heftet er omsett til nynorsk av Norunn Stendal Aksnes

INNHALD

- 5 Kva er moderne slaveri
- 7 Korleis skjer moderne slaveri
- 9 Kor skjer moderne slaveri
- 10 Kva kan vere kjenneteikn på utnytting
- 11 Plikt til å seie frå
- 12 Kva kan du og eg gjere
- 14 Korleis velje ei handling
- 16 Fleire handlingar for kyrkjelyden/gruppa
- 17 Kjelder og ressursar
- 18 Bøn

KVA ER MODERNE SLAVERI?



«Moderne slaveri»

er eit samleomgrep for situasjonar kor menneske

- vert utsette for grov utnytting og tvang
- vert kontrollerte gjennom maktmisbruk, manipulasjon, trugslar, vald og krenkingar
- ikkje er frie til å forlate situasjonen eller står utan alternativ

Slaveriliknande utnytting er forbode i nesten alle land. Det er brot på menneskerettane og skjer overalt, ofte skjult. Frå utsida kan det sjå ut som vanleg arbeid, men dei som blir utnytta, lever under kontroll av andre.

Særleg utsette er migrantarbeidarar, jenter eller kvinner, flyktningar, statslause, personar med lite utdanning, lågkastar, religiøse og andre minoritetar og personar med funksjonsnedsetting.

Grunnårsaker som driv menneske ut i moderne slaveri er fattigdom, korrupsjon, urettferdige strukturar, manglande rettsvern, migrasjon og flukt på grunn av klimaendringar og krig.

Arbeidsorganisasjonen til FN (ILO) trur at minst 50 millionar menneske lever under slaveriliknande utnytting. Koronapandemien og krig i Ukraina og andre stader har pressa fleire ut i gjeld, elendige arbeidsvilkår og seksuell utnytting.

KORLEIS SKJER MODERNE SLAVERI?

Utnyttinga ser forskjellig ut i ulike land og lokalsamfunn



Tvangsarbeid

Situasjonar kor born og vaksne blir utnytta til arbeid – arbeid de ikkje frivillig kom inn i, ikkje kan komme ut av eller ikkje har alternativ til. Det er eit stort gråsonefelt mellom anstendig arbeid og tvangsarbeid.



Gjeldsslaveri

Personar som pga. fattigdom låner pengar, blir tvinga til å arbeide for å betale tilbake gjeld og dermed misser kontroll over eigen situasjon.



Tvangsekteskap og barneekteskap

Born eller vaksne blir tvinga til å gifte seg mot sin vilje. Minst 70 % er jenter eller kvinne.



Seksuell utnytting

skjer mellom anna som tvungen prostitusjon, overgrep via nettet, eller når nokon i ein sårbar situasjon vert pressa til seksuelle tenester gjennom vald og trugslar.



Tvungen krigsteneste

Born eller vaksne blir tvinga til å delta i krigshandlingar, t.d. barne soldatar, eller dei blir haldne ulovleg i militærtjeneste.



Tvangstjenester

Born eller vaksne blir tvinga til å tigge, selje narkotika eller gjere seg skuldige i kriminalitet til fortjeneste for andre.




Organtjuveri

Personar blir frårøva eller lokka til å selje organ eller kroppsdelar til bruk i ulovleg organhandel og transplantasjon.

- 1 av 4 i slaveri er born.
- Nær 3 av 4 i slaveri er kvinner og jenter.
- Dei ti landa med høgast tettleik av slaveri er i krig og konflikt og har undertrykkjande regime.

KOR SKJER MODERNE SLAVERI?

Asia og Stillehavs regionen har flest personar som blir utnytta, om lag 62 % av folket. Land med totalitært styre har høgast tettleik utnytta per 1000 innbyggjarar. Europa og Sentral-Asia har truleg 3.6 millionar i slaveri, men mørke tala er store.



I Noreg er tvungen prostitusjon og tvangsarbeid dei vanlegaste utnyttingsformene. Det er etterspørsel etter seksuelle tenester og billig arbeidskraft. Mest utbreitt er «Agentar» rekrutterer personar frå andre land til utnytting i landbruk, bygg og anlegg, reinhald, og andre servicenæringar – eller tvingar og lokkar kvinner og jenter (og menn og gutar) inn i prostitusjon og tvang til seksuelle ytingar. I Noreg brukas ofte omgrepet *menneskehandel* som har ein juridisk føresegn i straffelova §247,248.

KVA ER KJENNETEIKN PÅ MODERNE SLAVERI?

Dei som utnyttast:

- arbeider ekstremt mange timar
- manglar verneutstyr sjølv om arbeidet krev det
- får dårleg eller inga lønn eller står i personleg gjeld til ein bakperson eller arbeidsgivar
- manglar språkkunnskapar
- vart lova andre vilkår enn ho/han fekk
- er redd for eller skeptisk til politiet eller offentlege instansar
- gir opp at andre tek vare på ID og viktige dokument
- har avgrensa fridom til å reise
- er redd for å bli send ut av landet
- verkar ustelt eller bruker same kledda kvar dag
- ser ikkje på seg sjølv som offer for menneskehandel, men «fekk ein dårleg jobb»
- vegrar seg for å fortelje om situasjonen sin eller be om hjelp, kjenner ingen dei stoler på
- viser frykt for arbeidsgivar eller bakmann/kvinne og meiner ein sjølv eller familien kan vere i livsfare
- viser teikn på fysiske eller psykiske traume, t.d. angst, minnetap, blåmerke, ube handla infeksjonar, skadar eller sjukdom
- bur og arbeider på same adressa
- bur trongt eller uverdige eller byter adresse ofte
- har tronge eller uverdige boforhold eller byter adresse ofte

PLIKT TIL Å SEIE FRÅ



Alle som får mistanke om at ein person kan vere utsett for straffbare handlingar, har etter straffelova plikt til å varsle styremaktene. Gjeld det ein mindreårig, er det meldeplikt til barnevernstenesta.

Dersom ein person viser deg tillit, må du nytte sjansen. Du treng ikkje å vere ekspert. Alt du treng å vite, er kvar det er hjelp å få, og korleis kome i kontakt med instansar som kan følgje opp.

For hjelpetiltak og -instansar, sjå www.menneskertilsalgs.no

Alle kan hjelpe til med å identifisere moglege offer, men det er politiet og styremaktene som skal verifisere menneskehandel, dvs. dokumentere handlingar, straffe forfølgje kriminelle og følgje opp utsette personar.

**Er du uroleg for
at nokon blir utnytta
eller er du sjølv i ein
slik situasjon?**

Du kan kontakte ROSA sin døgnåpne, nasjonale hjelpe-telefon: **22 33 11 60** eller ein av dei andre hjelpeinstansene på s. 17

KVA KAN DU OG EG GJERE?

- Sei ifrå ved mistanke (sjå s. 10) eller om du blir utnytta.
- Lær meir om vår tids former for slaveri og snakk om det.
- Støtt gode prosjekt, sjå forslag s. 17 og på globaluke.no

Bruk stemma:

- Vi kan be om meir handling frå dei som har størst ansvar. Sei frå til lokale styremakter om du oppdagar mistenkjelege eller kritikkverdige forhold.
- Undersøk om det finst ein lokal handlingsplan mot menneskehandel og om kommunen har ein hand lingsplan for arbeidet sitt med å nå berekraftsmåla.
- Etterlys både sterkare innsats mot arbeidslivs-kriminalitet og betre vern og rettsvern for dei som er offer for menneskehandel i Noreg.
- Krev at regjeringa er aktiv med å følgje opp sin eigen handlingsplan mot menneskehandel.
- Be norske styremakter ta opp menneskerettane i dialogen med leiarar i land der desse rettane ikkje blir respekterte.
- Gjer deg kjent med den nye Openheitslova, som forpliktar norske verksemder til å informere om underleverandørar og om korleis dei varetek menneskerettane.



Bruk forbrukermakta:

- Ta gjennomtenkte kjøpsval og hugs at det nyttar! Kjøp varer merkte med Fairtrade, UTZ og Rainforest Alliance (kakao, kaffi, te sjokolade), og Svanemerket.
- Vel produkt frå merke som har opne fabrikklistar. Sjå oversikt på framtiden.no
- Kjøp kvalitetsvarer som varer lenge, lær deg å reparere dei og kjøp brukt når du kan!
- Send inn spørsmål til norske selskap om arbeidshøva knytt til produksjon av ei vare. Sjå meir om Openheitslova på framtiden.no og globaluke.no
- Styr unna svart arbeid når du skal ha vaska huset eller bilen, pusse opp eller leige inn arbeidskraft: Lær meir på handlehvit.no
- Plasser pengane smart: Bruk etiskbankguide.no. Høyr med banken om dei har ein «slaverifri» investeringspraksis.
- Ta avstand frå pornografi, seksualisering av mindre årige og objektivisering av kropp. Sjå pornopratt.no

KORLEIS VELJE EI HANDLING?

Ingen kan gjere alt, men alle kan gjere noko! Det kan bety svært mykje viss så mange som råd, gjer éi handling for å prøve å få slutt på moderne slaveri.

START HER

Kven skal handle?

Kyrkjelyd/gruppe

Enkeltperson

Har de arbeidd med tematikken tidlegare?

Ja

Nei

Ta opp tematikken i kyrkja dykkar!
Kvar vil du begynne?

Kva ønskjer de å gjere meir av?

Fordjuping

Handling

BLI KLOKARE!

- Stift ei antislaveri gruppe i kyrkjelyden.
- Inviter til temakveld med føredragshaldarar.
- Gjer eit bibelstudium i smågruppene.

BRUK STEMMA!

Vel ei handling de som gruppe kunne tenkje dykk å gjere:

- Send inn spørsmål til norske selskap om arbeidsforhold knytt til ei vare eller teneste
- Skriv lesarinnlegg
- Skriv under på kampanjar
- Tvitre eller del meininga dykkar i sosiale medium

Sjå fleire tips på s. 16

Ungdomsgruppa

Gudsteneste

Staben

Kjøper de varer?

Nei

Ja

HANDLE RETTFERDIG!

Vel ei vare de bruker mykje, og kjøp berre «rettferdige» merke i eitt år, t.d.:

- Kaffi
- Bananar
- Te
- Sjokolade
- Nøtter
- Blomster
- Artiklar til profilering

Sjå «rettferdige» merke s. 13

Ha temakveld med unge og konfirmanter

Ta testen på slaveryfootprint.org

Be for dei som blir utnytta. Sjå s. 18.

Gi kollekt til tiltak som førebyggjer. Sjå s. 17.

Snakk om det teologiske grunnlaget for kampen mot urett.

Marker Global veke lokalt. Sjå globaluke.no

Meld frå om kva handling kyrkjelyden eller gruppa vel til post@norkr.no

Då kan vi sjå den store summen av fellesinnsatsen vår og følgje arbeidet.

FLEIRE HANDLINGAR FOR KYRKJELYDEN/GRUPPA

- Ta opp temaet i samlingar med ulike grupper, i gudstenester og under kyrkjekaffien, og i undervisning på folkehøgskular og studiestader.
- Marker Global veke mot moderne slaveri i lag med andre kyrkjesamfunn. Inviter folk frå kommune, politi, arbeidstilsyn, organisasjonar. Sjå forslag på globaluke.no
- Oppmod leiarane dine til å lyfte temaet i deira samanheng, i møte med internasjonale nettverk og samarbeidspartnarar.
- Gi kollekt til prosjekt og organisasjonar som kjempar mot moderne slaveri, få dei til å kome på besøk og fortelje.
- Ver sikker på at de, eller dei som de handlar tenester med, ikkje nyttar seg av svart arbeid.
- Kjøp etisk og berekraftig så langt råd er: Vel varer med merke som Fairtrade, Utz, Rainforest Alliance, Svanemerket.
- Heng opp plakater om hjelpetilbod i kyrkja.
- Sjekk om kyrkjesamfunnet ditt er medlem i KNIF og nytt deira miljø- og etisk-sertifiserte innkjøpsavtalar.
- Bygg inkluderande fellesskap som tilbyr språktrening og sosialt fellesskap og praktisk støtte til personar i sårbare situasjonar.

KJELDER OG RESSURSAR



- menneskertilsalgs.no
- rosa-help.no
- Caritas Ressurssenter
- Frelsesarmeen.no/menneskehandel
- A21 Norway
- Hope for Justice
- framtiden.no
- Lightup Norway
- ADRA Norge
- Kirkens Bymisjon
- Kirkens Nødhjelp
- Fairtrade Norge
- FN-sambandet
- ILO (FNs arbeidsorganisasjon)
- slavefreetoday.org
- freedomunited.org
- antislavery.org
- Avisa The Guardian
- globaluke.no
- Etisk Handel Norge

BØNN



*Fridoms Gud,
nokre mellom oss leverer varer og tenester
under tvang og utan ei lønn dei kan leve av.*

*Dei blir krenkte medan andre forgrip seg på
kroppen deira. Fordi dei slit i gruver og på fabrikkar,
går dei glipp av skulegang og likeverdig behandling.*

*Jesus, du gav deg sjølv for alle.
Gi oss nåde til å sjå og gjere vårt
for ei meir rettferdig verd.*

*Du som løyser band,
lat alle menneske få sin rett!*

NOTATER



Norges Kristne Råd

norkr.no

globaluke.no



Justis- og
beredskapsdepartementet

Med støtte frå Norad og Justis- og beredskapsdepartementet.